

ÅRSMELDING

2018



BUL
ERVINGEN
BERGEN UNGDOMSLAG ERVINGEN

Innhald

1	1. Innleiing	3
2	2. Folkedans.....	4
3	a) Vaksne	4
4	b) Ungdom	5
5	c) Born.....	6
6	3. Teater	7
7	4. Folkemusikk	7
8	a) Gimlingane	7
9	b) Audhilds	8
10	c) Juniorspelemannslaget.....	8
11	d) Dragegjengen	10
12	5. Song.....	11
13	a) Kor e tonen	
14	b) Kvedargruppa	12
15	c) Småkvedarane	13
16	6. Melding frå Selsvikklubben	13
17	7. Lagsstyret	13
18	8. Melding frå Rådet.....	14
19	9. Dugnad.....	15
20	10. Samarbeid med andre	15
21	11. Eigedom.....	16
22	a) Lagshusa.....	16
23	b) Hytta.....	16
24	12. Fonds- og eigedomsstyret	16
25	14. Medlemstal, økonomi og ressursar	17
26	15. Kontor og tilsette.....	18
27	16. Heiderslagsfolk.....	18
28	17. Gåver, helsingar og minne.....	18
29	18. Oversikt over tillitsvalde	19
30	19. Lagsmøte, festar og egne tilskipingar	22
31	20. Utsendingar, representasjon og samarbeid	26

32 1. Innleiing

33 Det er veldig kjekt å gå ut av 2018 med fleire medlemar enn i starten av året. Dei siste
34 arrangementa i laget før jul vitnar om eit høgt aktivitetsnivå. Koret hadde ein flott
35 julekonsert i ein lyspynta og fullsett storsal. Kvelden etter var me 152 personar som var
36 samla til julelagsmøte. Ein del av dei som underheldt var eit resultat av fokuset laget har
37 hatt på rekruttering dei siste åra – både gjennom særskilde rekrutteringsaktivitetar, og
38 gjennom eit auka medvit i laget om korleis me marknadsfører oss og tek i mot nye
39 medlemar.

40 I 2018 har me gjennomført faste programpostar, men også nokre nye. I november
41 markerte me Vinje-jubileet, då det var 200 år sidan Aasmund Olavsson Vinje vart fødd.
42 Programmet var variert, og det var særleg kjekt at mange særslag bidrog med
43 underhaldning. Me markerte også 150-års jubileet til Samlaget, med barnebokkveld og
44 nynorsk lefsefest med Ragnar Hovland i februar.

45 I 2018 la Bergen kommune fram ein Amatørkulturplan for 2018-2027. Her ser me
46 resultat av tidlegare års arbeid på innspelskonferansar og møte. Kommunen skal *«være*
47 *pådriver for at tradisjonsmusikken i større grad inkluderer i SFO-tilbud og i*
48 *grunnskolens aktiviteter»*, noko som gjorde at me fekk stønad til å halde fram med
49 feletilbod ved Krohnengen skule. Korfeltet blir også prioritert i amatørkulturplanen, og i
50 2018 blei Bergen kommune ein syngjande kommune, som ein del av den nasjonale
51 satsinga *Krafttak for song*. I amatørkulturplanen ser ein også behov for auka
52 rekruttering til folkedans og kulturtilbod for seniorar.

53 Året som har gått har også vore eit godt år for nynorsken i Bergen. Fylkestinget har
54 vedteke at Skyss skal ha informasjon og reklame på nynorsk også i Bergen, og at dei
55 vidaregåande skulane primært skal administrere og marknadsføre seg på nynorsk. Meir
56 eksponering for nynorsk i kvardagen gjer at dei av oss som ikkje nyttar nynorsk til
57 dagleg, ser at nynorsk er eit bruksspråk. Bystyret i Bergen har vedteke at nynorsken
58 skal få betre kår i kommunen. Bystyret har ei målsetning om at det skal vere enkelt å
59 vere nynorskbrukar, enkelt å velje nynorsk og at båe målformene skal vere synlege. I
60 arbeidet med byrådssaka ynskja ein å kartlegge kor stor del av den vaksne befolkninga
61 som føretrekk nynorsk. Då fann ein at 11,2 % av bergensarane ynskjer å få
62 skattemeldinga på nynorsk. Så gjennom å velje å få skattemeldinga på nynorsk, bidreg
63 ein til å gje nynorsk ein større plass i Bergen kommune!

64 Mykje går vegen i arbeidet til laget, og gjev grunn til optimisme. Samstundes ser styret
65 kor sårbare ein er, dersom ein ikkje finn tillitsvalde og instruktørar. Dei bidreg til at
66 aktivitetane går rundt. Styret vil difor takke tillitsvalde, instruktørar, tilsette og
67 dugnadsfolk for arbeidet dei har lagt ned i 2018.

68 2. Folkedans

69 a) Vaksne

70 Folkedanslaget har i 2018 halde fram aktivitetsnivået frå tidlegare år, med faste øvingar,
71 dansekveldar, hytteturar og kurs. Oppmøtet på tilskipingane har vore veldig varierende,
72 men all aktivitet har vore gjennomført med god stemning og gode tilbakemeldingar.

73 **Faste øvingar**

74 Måndagsringen og Folkedans for seniorar har halde fram som tidlegare. Her er
75 oppmøtetalet stort sett stabilt. Måndagsringen har jamleg hatt besøk av Litt tå kvart som
76 har spelt til dans. Måndagsringen har òg hatt hyggekveld to kveldar i semesteret.

77 Studentdansen gjekk som normalt i vår. Her har oppmøtet vore veldig varierende.
78 Hausthalvåret vart derfor brukt til å teste ut ei ny form, der vi hadde både ein
79 onsdagsring, for erfarne dansarar, og ein studentring, for nye dansarar. Onsdagsringen
80 har hatt øving kvar onsdag, medan Studentdansen berre har hatt øving annakvar
81 onsdag. Ordninga såg lenge ut til å vere ei god løysing, men deltakartalet fall noko då det
82 nærma seg jul. Folkedanslaget er derfor spente på kvar deltakartalet vil ligge i 2019.

83 Elles vil vi takke instruktørar og spelemenn for god innsats.

84 Som vanleg starta vi året med dans- og spelmaraton. Kvelden hadde godt oppmøte og
85 var elles fylt med god musikk og god stemning.

86 I mars arrangerte vi folkemusikkfest saman med Columbi Egg. Vi fekk besøk av det
87 amerikanske bandet The Cajun Country Revival som både heldt dansekurs og spelte til
88 dans. Kurset hadde vals og two-step, ein form for swing, på programmet. Det var 22
89 deltakarar på kurset, og mange av dei var innom laget for første gong på dette kurset. På
90 festkvelden spelte både The Cajun Country Revival og Audhilds.

91 I slutten av april vart det arrangert dansekveld med Audhilds og Kvar Tett. Kvelden
92 hadde få besøkande.

93 I haust arrangerte folkedanslaget berre éin dansekveld grunna andre festar i laget.
94 Dansekvelden var kulturnatta, og dansarane fekk svinge seg til musikk frå Bergen
95 Juniorspelemannslag, Arne Anderdal og Os spelemannslag.

96 Vi takkar ungdomsringen for at dei held kafé på mange av våre tilskipingar.

97 **Kurs**

98 I tillegg til kortkurset i samband med Folkemusikkfesten arrangerte vi dansekurs i
99 rundom i april. Bygdedanslaget var medarrangør på dette kurset. Kurset vart leia av
100 Martin, Inga og Else Myhr. Kurset hadde 25 deltakarar som fekk prøve seg på uvande
101 taktformer til flott musikk og med dyktige instruktørar.

102 I haust starta vi semesteret med eit nybyrjarkurs. Johanne Mjøs og Lars Fivelstad
103 Smaaberg heldt kurset, som hadde 10 deltakarar.

104 I oktober kom Anbjørg Myhra Bergwitz og Audun Grüner-Hegge til Bergen og hadde
105 kurs i Finnskogspols. Det var rundt 20 deltakarar på kurset, som var eit svært godt kurs.

106 **Andre tilskipingar**

107 Dansarar frå folkedanslaget har delteke på Dansens Dag og på laget sitt program i under
108 17. mai-feiringa.

109 Det har vore planlagt to hytteturar for unge vaksne. I vår var det 7 stykk som kosa seg
110 saman på hytta på Eidsholmen, medan det i haust, grunna få påmeldte, vart kafébesøk i
111 Bergen sentrum i staden for hyttetur.

112 **Organisasjon**

113 I 2018 har Marit Kvamen vore leiar i folkedanslaget. Lina Hamre, Renathe Nilsen og Stig
114 Indrebø har vore medlemmar av styret. Styret har hatt møte omtrent kvar tredje veke,
115 og har brukt mykje tid på planlegging av dei ulike aktivitetane. Elles har ein hatt stort
116 fokus på rekruttering, spesielt med Studentdansen.

117 Folkedanslaget har hatt godt samarbeid med Columbi Egg og Bygdedanslaget i Bjørgvin i
118 tillegg til andre særslag i Bergen ungdomslag Ervingen. Vi ser fram til eit nytt år, der vi
119 håpar på nye gode samarbeid, godt oppmøte og like god stemning som alltid!

120 **b) Ungdom**

121 Gjennom året har ungdomsringen hatt øvingar kvar veke, og vore på både vinterleir og
122 hyttetur. Me har hatt sommaravslutning på Fløien og filmkveld om hausten.

123 Ungdomsringen har hatt mellom fem og ti medlemmar på øving kvar måndag i vår- og
124 haustsemesteret. Medlemstalet sokk i haust, då fleire faste medlemmar flytta eller byrja
125 å danse i onsdagsringen.

126 Ungdomsringen har nytta mange ulike instruktørar på øvingane. Lars Fivelstad
127 Smaaberg og Silja Solvang har instruert i halling, Sverre Sundvor i springar og pols,
128 Rigmor Nesheim Vaular i turdansar og rull, Marit Kvamen i sving, Gunn Inger Sture i
129 songdans og Borghild Marie Opdahl i generell danseteknikk. Ida Marie Rognsvåg har
130 vore spelman. Ungdomsgruppa er takksam for alle som har instruert og spelt for oss
131 gjennom året.

132 Arbeidet med å skipa til dansesamlingar for ungdom i Hordaland har halde fram. 16.-
133 18.februar gjekk me saman med Mjeldalen ungdomslag på Osterøy og arrangerte
134 vinterleir for fyrste gong. Samlinga var på Hauge skule på Osterøy. Det var 14 deltakarar
135 på teaterkurs med Wilhelm Støylen, og dei kom i hovudsak frå Mjeldalen ungdomslag. På
136 dansekurset var det 16 deltakarar frå Bergen, Lindås og Nordbygda. Lars Fivelstad
137 Småberg var instruktør, og Maria Skjeldrum Toppe spelte. På hausten var det inga
138 ordinær dansesamling, sidan Osafestivalen og prosjektet hardingfela.no skipa til UngOsa

139 helga 26.-28. oktober. Her var det ikkje berre kurs i dans for ungdom, men også
140 hardingfele, toradar og kveding. To frå ungdomsringsen deltok på samlinga.

141 Noregs Ungdomslag sin sommarleir var i år lagt til Solbakken Folkehøgskole i Sør-Odal.
142 Det var fem dansarar frå ungdomsringsen som deltok. Dei var godt nøgde med årets
143 utgåve av sommarleiren. Kjekke kurs, god stemning og utflukt til Västanå teater var
144 nokre av høgdepunkta. Lagsmedlemmane Ida Marie Rognsvåg og Marit Kvamen var med
145 i utvalet som arrangerte sommarleiren, og me er nøgde med innsatsen!

146 Haustsemesterert starta med ein bli-kjend-hyttetur til Eidsholmen 7.-9.september. Inga
147 Myhr hadde kurs i danseteknikk, og utfordra oss med mange kjekke danseøvingar.
148 Kristoffer Kleiveland spelte til. Det var 4 deltakarar på kurset.

149 Året vart avslutta med ein tradisjonsrik julehyttetur til Eidsholmen. Rigmor Nesheim
150 Vaular var innom på laurdag for å lære oss rull. Terje Furenes spelte til. I tillegg var det
151 pepperkakebaking, graut med mandel, juleverkstad og «Beat-for-beat». Det var 9
152 deltakarar på hytteturen.

153 25 oktober arrangerte ungdomsringsen seminar for instruktørar. Tema var instruksjon
154 for born og unge, og seminaret samla deltakarar frå barnelaget, ungdomsringsen og Os
155 ungdomslag si barnegruppe. Inga Myhr leia samlinga.

156 Laurdag 17.november blei det arrangert ei nattvandring for å markera FN sine 17
157 berekraftsmål, og ungdomsringsen fekk i oppdrag å danse langs traseen. Bergen
158 juniorspelemannslag spelte til. I tillegg har ungdomsringsen vore med på framsyningar
159 med folkedanslaget, til dømes på biblioteket på Dansens dag og på Torgallmenningen
160 17.mai. Ei av øvingane på forsommaren flytta me ut i finveret, i håp om å vere synlege
161 for eventuelle nye medlemmar. Ungdomsringsen har drive dugnadsarbeid gjennom
162 kafésal på dansekveldar. Styret i ungdomsgruppa har hatt møte ved behov i 2018, i
163 tillegg til kontakt på øving og per e-post.

164

165 c) Born

166 Gjennom 2018 har barnelaget hatt øving kvar veke, med unntak av dei vekene ein
167 heilagdag har vore på ein måndag. Det har kome nye born i gruppa. Dei har vorte
168 rekruttert av andre born, eller ved at slektningar har kjennskap til laget.

169 Instruktørar på våren var Ida Marie Rognsvåg og Tora Persdotter Fjeld, med dei eldste
170 frå juniorspelemannslaget som spelemenn. Desse har vore Ragnhild Mjør Gramstad, Tori
171 Helgheim Grung, Tor Helge Totland Haukås, Andrea Antun Mikkelsen og Eirunn
172 Nordstad. Etter haustferien fekk me inn Inga Myhr som instruktør saman med Tora,
173 medan Ida Marie saman med dei unge spelemennene har stått for musikken. På den
174 måten har me sørja for at dei unge spelemennene får god opplæring i dansespel. Ved
175 behov for vikar for instruktørane har Borghild Marie Opdahl, Lars Fivelstad Smaaberg

176 og Martha Langholmen stilt opp. Det har vore i overkant av ti born mellom 5 og 10 år på
177 kvar øving.

178 Rekruttering har vore sentralt i arbeidet med barnelaget i 2018. Me har sendt
179 instruktørar og spelemann på 2 familiesundagar på Verftet. Målet har vore å gje born og
180 foreldre innblikk i aktiviteten vår. Det har vore gode dansekurs med engasjerte born,
181 men diverre har me ikkje rekruttert medlemmar gjennom tilbodet. Tora Fjeld, Inga Myhr
182 og Borghild Opdahl har vore instruktørar, medan Tori Helgheim Grung og Eirunn
183 Nordstad har spelt til. Barnelaget er glade for å ha så mange dyktige instruktørar og
184 spelemenn som vil bidra.

185 Styret i barnelaget har skipa til to familiefolkedanskveldar saman med
186 Juniorspelemannslaget. Fyrste familiefolkedans 15. april hadde litt få besøkande då det
187 var veldig fint vår denne dagen, men Martha og Borghild leia dansen til spel frå Bergen
188 juniorspelemannslag. Familiefolkedansen 21.oktober starta med framsyning av Bergen
189 juniorspelemannslag og Barnelaget før høgtlesing av Live Havro Bjørnstad. Etter kake
190 leia Borghild Marie Opdahl og Martha Langholmen born og vaksne i dansen. Om lag 90
191 born og vaksne var innom Gimle denne sundagen. Juniorspelemannslaget har sørgt for
192 god musikk til dansen på begge familiefolkedanskveldane.

193 Måndag 11. juni hadde me avslutting med dans og is på Fløien, og 12 born dansa for
194 foreldra og dei besøkande som var på toppen.

195 Helga 15.-17. juni var det Fylkesstemne for born på Dyrkolbotn leirskule der 11 born og
196 vaksne frå Barnelaget deltok. Borna var godt nøgde med å møte andre born som dansar.

197 Barnelaget har skipa til to hytteturar til Eidsholmen i året som har vore. På hytteturen
198 om våren var det 34 born og vaksne, og det vart arrangert både danse- og spelkurs. På
199 hytteturen i haust hadde me både songkurs, spelkurs og dansekurs, og totalt var det 40
200 born og vaksne på turen. Turen var ei kjekk samling, og me vart til og med så mange
201 deltakarar at nokre måtte sove på luftmadrassar i storsalen.

202 Barnelaget har hatt to foreldremøte. Styret i barnelaget har hatt fire møte, og har jamleg
203 kontakt under øvingar og på e-post.

204 3. Teater

205 Bergen ungdomslag Ervingen har ikkje hatt teateraktivitet i 2018.

206 4. Folkemusikk

207 a) Gimlingane

208 Bergen ungdomslag Ervingen har ikkje hatt toradaraktivitet i 2018.

209 b) Audhilds

210 Audhilds har hatt eit aktivt år. Fram til sommaren hadde Irene Bjørke og Åslaug Timenes
211 Bell jobben som musikalske leiarar. I ein periode hadde Kristoffer Kleiveland praksis, og
212 leia ein del øvingar. Haustsemesteret starta me i slutten av august, og Irene har hatt
213 leiarjobben åleine då me ikkje har fått inn erstatning for Åslaug, men me har laga ei
214 vikarliste med medlemmar i laget som har sagt seg viljuge til å leie øvingar ved behov.
215 Oppmøtet på øvingane har vore varierende, og særleg i haust har det ofte vore lite folk.
216 Under kappleikar o.l har me nokre gonger møttest utanom øving/oppdrag og t.d. ete
217 middag saman. Me avslutta øvingsåret 5. desember med julegodt i pausen.

218 I tillegg til dei vanlege onsdagsøvingane har me hatt/vore med på:

- 219 -Me starta 2018 med hyttetur på lagshytta 5.-7. januar. Vegar Vårdal var innleigd
- 220 instruktør, og me fekk lært mange kjekke slåttar. Elles hadde me god mat, godt lag og
- 221 quiz. Ein kjekk start på speleåret!
- 222 -27. januar deltok me på dans- og spelmaraton i Gimle.
- 223 -Den 20. februar hadde me musikkinnslag på årsmøtet til Ervingen.
- 224 -Columbi Egg hadde folkemusikkfest i Gimle 3. mars, og der sto Audhilds på programmet
- 225 saman med amerikanske Cajun Country Revival. I tillegg til eit lite konsertinnslag spelte
- 226 me til dans i løpet av kvelden.
- 227 -Hordamønstringa gjekk av stabelen på Osterøy 17. mars. Me deltok både i lagspel (der
- 228 me spelte oss til topps!) og i runddanstevling, og bidrog med dansespel på kvelden.
- 229 -21. april spelte me til dans i Gimle.
- 230 -17. mai spelte me i Hovudprosesjonen.
- 231 -I juni fann me fram sommarkjole (eller skiklede) og reiste på Landskappleik i Trysil. Me
- 232 spelte som vanleg i lagspel, og til dans på kveldstid.
- 233 -21. september var me invitert til å spela nokre slåttar på kulturkveld på Fantoft.
- 234 -Dette året var Vestlandskappleiken på Voss 26.-28. oktober, og Audhilds spelte i lagspel
- 235 og til dans. I tillegg vart me hanka inn til å spela rull til Bygdedanslaget i lagdanstevlinga.

236 c) Juniorspelemannslaget

237 Året 2018 har for Bergen juniorspelemannslag vore innhaldsrikt og spanande.

238 Elna Føleide Selle er framleis ansvarleg for det musikalske/pedagogiske i laget. Ho har
239 vore åleine med ansvaret for øvingane våren 2018. Spelemannslaget har primært
240 øvingsdag måndag frå kl 18.20-20.10, 1-2 gonger i månaden, i Gimle.

241 Maria Skjeldrum Toppe har vore instruktør i gruppespel for dei to gruppene TET og
242 Nystemten.

243 Johanne L. Mjøs hadde flatfelespel 10 t. med dei eldste i juniorspelemannslaget.

244 Ida Marie Rognsvåg har hatt dans det første kvarteret på nokre av øvingane hausten
245 2018.

246 Elles så har dei eldste i laget delt på å spela på barnelaget sine øvingar.

247

248 VÅRSEMESTERET

249 Medlemslista talde 15 på vårsemesteret. Laget består av engasjerte og flotte born og
250 ungdommar av begge kjønn. Laget hadde i alt 12 øvingar. 8 av dei var heile laget samla. 4
251 øvingar var berre for dei som deltok på Landskappleiken i Trysil.

252 Maria hadde 6 timar med gruppespel.

253 27.01. Juniorspelemannslaget deltok på spel- og dansemaraton med heile laget i
254 Gimle.

255 09.-11. 02. Hyttetur på Varegghytten, Kvamskogen. Juniorspelemannslaget,
256 aspirantar og nokre føresette. Fokus på sosialt samvær, skigåing, leik og
257 litt felespel.

258

259 17.03. Hordamønstring på Osterøy. Dei yngste i juniorspelemannslaget og
260 aspiranten deltok på sjokoladekappleiken, både i
261 solospel og fleire saman. Det vart C-klassemester for juniorlaget og i
262 gruppespel. Gode resultat òg for dei som deltok i klasse C solo.

263 15.04. Familiefolkedans i Gimle. Laget deltok med spel til dansen.

264 28.05. De unges festspill i Peer Gynt-salen, Grieghallen. Heile laget deltok.

265 10.06. Sommarkonsert og pizzafest i Gimle. Laget inviterte foreldre, søsken,
266 vener og kjende til konsert, med pizzafest etterpå.

267 27.06-01.07. Landskappleiken i Trysil. Laget stilte med 15 deltakarar i lagspel. Elles
268 deltok 4 i Solospel kl C og 1 lag i gruppespel kl C. I lagspel kom laget på
269 2.plass av 6, i gruppespel 3.plass av 5. Elles var det med born frå
270 Dragegjengen og dei minste i Juniorspelemannslaget deltok på
271 Sjokoladekappleiken.

272 07.-12.07. Mokurset i Førde. I sommar deltok 2 stk frå juniorlaget i Masterklassen.

273 07.-12.07. Strunkeveko i Valdres. I år deltok 1 frå juniorspelemannslaget der.

274 HAUSTSEMESTERET

275 Medlemstalet i haustsesongen var 13. 2 slutta i vår pga. alder. Ingen nykomarar. Dei har
276 hatt 6 øvingar.

277 For dei som spelar i grupper har det vore 7 timar øving med Maria.

278 Elles så var det lagt opp til at det skulle vera 10 timar flatfelekurs helga 29. og 30.sept.
279 med Johanne Mjøs. Det vart avlyst og vi valde heller å legge dei kurstimane i tilknytning til
280 ordinære øvingskveldar og til enkeltstående timar.

281 14.09. Kulturnatt i Gimle. Laget deltok med dansespel.

282 22.-23.09 Hyttetur på Eidsholmen. Der deltok aspirantar og barnelaget òg. Tori
283 hadde undervisning med dei eldste aspirantane, Maria med dei yngste.
284 Danseundervisning for alle.

285 21.10. Barnebokkveld og Familiefolkedans i Gimle. Her var Live Havro Bjørnstad,
286 som er tilsett som «lesegleidar» i Hordaland fylkeskommune, og las. Laget
287 stod for spel til dansen.

288 26.10. Vestlandskappleiken og Osafestivalen. Spelemannslaget deltok i lagspel,
289 gruppespel og solospel. Siger i lagspel og 1. og 2. plass i gruppespel. Gode
290 resultat i solospel kl C.

291 02.-04.11. Juniorsamling, Osterøy. Også i år deltok ein fin gjeng frå
292 juniorspelemannslaget på kurset.

293 17.11. Vinje-jubileum. Der deltok Trio og Kvartett med spel.

294 10.12. Julelagsmøtet i Gimle. Heile laget spelte. Dei bidrog også med spel til
295 barnelaget Dei som har gått på flatfelekurs spelte.

296 Vi ser ei klår positiv utvikling i juniorspelemannslaget. Vi har ein aspirantgjeng på ca. 20,
297 som enno ikkje er fullverdige medlemmar og fast med i laget. Men desse har fått tilbod
298 om å delta på utvalde tilskipingar med spelemannslaget. Vi håpar sjølv sagt at dei blir tatt
299 opp i sjølve laget etter kvart.

300 Kvar einskild medlem har teke svært store steg framover musikalsk, både som
301 einskildutøvarar og i gruppe- og lagspel. Dei viser stor vilje til innsats og er allsidige,
302 noko som med god instruksjon gjev positiv driv i laget. Medlemmane har også i år vist
303 seg å vera blant dei beste i klassen sin i vår eigen landsdel og på landsbasis. Vi kan
304 likevel ønska at fleire medlemmar i juniorspelemannslaget deltek på kurs og samlingar
305 for å få meir inspirasjon og kjennskap til folkemusikken.

306 Nytt i år er at vi har begynt å bruka flatfele i tillegg til hardingfele. Dette for å skapa
307 variasjon og inspirasjon.

308 Juniorspelemannslaget har eit eige styre som består av foreldre. Torbjørn Haukås gjekk
309 ut av styret på årsmøtet, og inn kom Marianne Kalland Rønnestad. Elles sit Sissel-Ingunn
310 Nordstad og Hilde Midtbø i styret. Styret har som oppgåve å styrka det sosiale miljøet i
311 juniorspelemannslaget, skapa blest rundt laget og å auka aktiviteten, blant anna ved å
312 arrangera turar/reiser og seminar for laget. Ei sær viktig oppgåve er å søkja økonomisk
313 støtte frå ulike hald. Styret kjem også med innspel til innkjøp av instrument.
314

315 d) Dragegjengen

316 Dragegjengen er eit rekrutteringsprosjekt som vart starta hausten 2015. I 2018 talde
317 Dragegjengen 19 medlemmar som går anten siste året i barnehagen, 1., 2., 3. eller 5.
318 klasse på Krohengen skule. Våren 2018 hadde dei som gjekk i barnehagen, 1., 2. eller 3.
319 klasse opplæring i SFO-tid med Eirin Tjoflot og Ida Marie Rognsvåg, og fekk då både

320 individuell opplæring og samspelsundervisning, medan dei som går i 5. klasse får
321 undervisning i Bergen kulturskule eller privat. Hausten 2018 fekk dei fleste av elevane
322 plass i Bergen kulturskule. Dei resterande borna fekk undervisning gjennom BULÉ.

323 Om lag ein gong i halvåret vert det arrangert «Dragedisko», som er ein kveld med dans,
324 felespel, pizza og kjekt samkome for alle deltakarane.

325 I høve familiefolkedanskvelden 21. oktober deltok Dragegjengen på ei øving saman med
326 juniorspelemannslaget, og det gjorde at scenen var full av felespelande born og unge
327 sundag 21. oktober. Det er kjekt å sjå at det er så mange i Bergen som vel å spela
328 hardingfele!

329 I meldingsåret har Dragegjengen hatt øvingar omlag kvar tredje veke, og dei eldste og
330 dei yngste «Dragane» har både hatt speleøvingar saman og kvar for seg. Det har vore
331 arrangert både ei sommaravslutting og ei juleavslutting med konsert og stor applaus frå
332 foreldra. Nokre av dei store «Dragane» har byrja i juniorspelemannslaget og er med på
333 deira arrangement i tillegg til Dragegjengen sine.

334 5. Song

335 a) Kor e' tonen

336 **Øvingar og faste aktivitetar.**

337 Koret har hatt sine faste øvingar i Gimle, kvar måndag kl. 18:30-21:00. Nytt av året er at
338 vi har flytta øvingane frå 4. etg. og ned i den store salen i 3. etg. Dette har gitt oss både
339 betre akustikk og meir plass, og dermed høve til å ta inn fleire songarar. Vi set stor pris
340 på velvilje frå andre instansar i laget som har gjort at vi kan ha øvingane her.

341 Vi har òg som før hatt to øvingshelger kvart semester, og desse har vore lagt til anten
342 fredag kveld og laurdag formiddag, eller laurdag og søndag i samband med konsert.

343 **Hendingar og arrangement**

344 **6. mai: Konsert i Gimle.** Vårens konsert i Gimle hadde tittelen «Våryr». I tillegg til song frå
345 koret, var det her også bidrag frå Eirik Sognnes som framførde nokre av sine eigne låtar
346 på gitar og vokal. Bra publikumsoppmøte.

347 **9. juni: Konkurransen «Syng for oss» i Grieghallen.** Korkonkurransen «Syng for oss» vert
348 skipa til av Hordaland Korforbund annakvart år. Koret har delteke kvar gong, så også i
349 år. Denne gong enda vi på 4. plass av 4 deltakande kor i vår klasse, med ein poengsum på
350 17 av 25 moglege. Resultatet var ikkje så dårleg som plasseringa kunne tilseie, då det var
351 forholdsvis tett mellom kora poengmessig, og poengsummen vår var ein del betre enn
352 førre gong vi deltok.

353 **5.-8. oktober: Tur til Gdansk.** Helga 5.-8. oktober var vi på tur til Gdansk i Polen. Her
354 hadde vi ein liten konsert i Elżbieta-kyrkja. Repertoaret vårt her besto i hovudsak av

355 norske folketonar. Vi fekk god respons frå publikum, og det var ei stor oppleving å få
356 syngje i den fantastiske akustikken i kyrkja.

357 **22. oktober: Korkafé i Gimle.** Vi skipa til korkafé i Gimle med Postens Damekor og
358 Stemmebruket som gjester. Det kom også ein del publikum.

359 **17. november: Vinje-jubileum i Gimle.** Laget markerte 200-årsjubileet til Aasmund
360 Olavsson Vinje, og koret bidrog med ei framføring av «Ved Rondane».

361 **8. desember: Syngejobb på Lagunen.** Som i dei føregåande åra hadde vi også i år ein liten
362 julekonsert på kjøpesenteret Lagunen ein laurdag føremiddag.

363 **9. desember: Konsert i Gimle.** Årets julekonsert hadde tittelen «Tindrane ljós», og
364 repertoaret var omtrent halvt om halvt julesongar og andre songar. Publikumstalet var
365 så høgt som 125, noko som er særst bra.

366 **10. desember: Julelagsmøte i Gimle.** Koret avslutta som vanleg semesteret med å syngja
367 på julelagsmøtet i Gimle.

368 **Medlemsmasse**

369 Koret opplever ei jamn tilstrøyming av nye medlemmar. Vi har «open øving» i byrjinga
370 av kvart semester, noko som fungerer svært bra. Dette året har vi hatt fleire interesserte
371 sopranar og altar enn vi har hatt plass til å ta inn.

372 Totalt i 2018 har det vore 58 medlemmar i koret, inkludert medlemmar i permisjon. Ved
373 utgangen av 2018 tel vi 45 aktive songarar, fordelt på 17 sopranar, 15 altar, 8 tenorar og
374 5 bassar.

375 For 2019 søker vi å rekruttere fleire bassar og tenorar.

376 **Sosiale aktivitetar**

377 I 2018 har vi hatt korfest, hyttetur til fjells og utlandstur.

378 **Planar for 2019**

379 I 2019 feirar koret sitt 40-årsjubileum og dette vil markerast med ein jubileumskonsert
380 på Grand laurdag 11. mai.

381 **Konklusjon.** Koret har fungert svært bra i 2018 og satsar på å halde fram med same
382 aktivitetsnivå i 2019

383 **b) Kvedargruppa**

384 Kvedargruppa har i 2018 hatt øvingar kvar tysdag, annankvar tysdag i Gimle, og
385 annankvar i Snorrestova. Instruktørar for gruppa har vore Lars F. Smaaberg og Eirin
386 Tjoflot som har bytt på å instruera gjennom året. Lars har lært oss mykje
387 hallingdalsstoff, i tillegg til at me har øvd på stoff frå gruppa sitt tidlegare repertoar, og
388 Eirin har lært oss mykje stoff frå Hardanger og Voss. Instruktørane har laga plan for

389 øvingane med tema for kvar øving; tralling til dans, skjemteviser, stubbar og stev,
390 balladar og bånsullar er sjangrar me har vore innom. Det har med andre ord vore
391 varierte, lærerike og kjekke øvingar dette året. 17. november var Kvedargruppa med på
392 laget sin Vinjekveld, der me framførde to songar, i tillegg til at me arrangerte kvedarkurs
393 med Kirsti Bakken Kristiansen same dag, der det var 17 deltakarar. 3. desember tralla
394 me til dans i måndagsringen, og 10. desember song me på Julelagsmøtet. Det har vore
395 mellom 6 og 9 medlemmer på øvingane dette året.

396 c) Småkvedarane

397 Hausten 2018 sette laget i gang ein ny aktivitet; Småkvedarane i Bergen. Berit Opheim
398 og Anja Savic Røed var instruktørar. Gruppa hadde øving annankvar tysdag i Gimle, og
399 var delt i to etter alder. Det stabiliserte seg med om lag 5 deltakarar utover hausten, og
400 styret har vedteke å halda fram med gruppa i vårhalvåret, for å freista å auka interessa
401 for og medlemsmassen i gruppa.

402 6. Melding frå Selsvikklubben

403 Selsvikklubben hadde i 2018 14 samlingar privat. Vi er no 6 faste medlemmar. Margot
404 Sture passerte 90 i året som gjekk, men set stor pris på at Asbjørg stiller som
405 privatsjåfør til treffet.

406 "Årsinntekta" frå julemøtet vart som vanleg brukt til vinstar til laget sitt medlemslotteri,
407 kr. 6.000,-. Lotterinemnda valde å bruka pengane på gåvekort av ulik verdi.

408 Selsvikklubben stod for åresalet på julelagsmøtet 10.12., og skaffa vinstane. Alle
409 matutgiftene vart dekkja av oss, og vi hadde hovudansvar for grautkokinga også i år.
410 Uventa stor tilstrøyming, ca 150 personar, gjorde at det vart knapt med risgrynsgraut,
411 men alle fekk smaka. I år vart det også servert laktosefri graut.

412 I og med at åresalet tener som inngangspengar, må vi nytta laget sin Vipps-konto. Det er
413 mange som ikkje har kontantar.

414 7. Lagsstyret

415 Lagsstyret har hatt 14 styremøte og handsama 124 saker i løpet av året. Styret har òg
416 hatt to samrådsmøte saman med dei tillitsvalde. Samrådsmøtet i haust hadde
417 fokus på korleis vi kan vere eit lag som legg til rette for at alle i samfunnet kan få delta på
418 aktivitetane våre.

419 Lagsstyret har gjennomført 17. mai-kafé, Vinje-kveld, julelagsmøte og Kven Veit?. Styret
420 har fått god hjelp frå medlemmar i dei ulike nemndene ved gjennomføring av dei ulike
421 tilskipingane.

422 Kvar veke har informasjon frå laget til medlemmane vorte sendt ut gjennom
423 nyhendebrevet «Bodstikka». Informasjon om laget sine aktivitetar og hendingar har òg
424 vorte publisert på nettsida www.bergen.ungdomslag.no.

425 Laget nyttar elles Facebook og Instagram (brukarnamn: «bergen_ungdomslag_ervingen»
426 og emneknagg: #bulervingen) til å vise fram aktiviteten i laget, bleste komande
427 hendingar og kommunisere med medlemmar. Nokre særslag har eigne sider på Facebook.
428 Informasjon frå desse sidene vert delt på hovudsida til laget.

429 Blesting av laget vert òg gjort på Studentsenteret ved studiestart kvart semester.
430 Plakatar og flygeblad vert nytta gjennom heile året. Laget har i tillegg hatt nokre
431 avislysingar ute for å informere om kva aktivitetar laget tilbyr.

432 8. Melding frå Rådet

433 Årsmøtet 2018 sette ned talet på rådsmedlemer frå 7 til 5, og varamedlemer frå 3 til 2.
434 Rådet er no vedtaksført med 4 medlemer.

435 Rådet har hatt 3 fysiske møte i 2018, og 2 per e-post.

436 17.01.18: sammøte med Fonds- og egedomsstyret, lagsleiar og andre frå styret, og
437 representantar frå Ervingen Lagsbruk AS. Rådet godtok då sal av Ervingen Eigedom AS
438 og Hotell Hordaheimen, med unntak av Kinsarvikmøblane og andre kulturhistoriske
439 verdjar.

440 14.02.18: drøfting av saker til årsmøtet i laget.

441 15.05.18: forlenging av arbeidsavtale for rekrutteringsprosjektet. Økonomi. Godkjenning
442 av prøveordning med redusert medlemsavgift for nye, unge, medlemer i
443 august/september. Orientering om den økonomiske situasjonen i lagsbruka.

444 15.10.18: F&E-styret bad om ei prinsipiell avklaring av kva fullmakt styret har m.o.t.
445 plassering av midlar, ref. §5 i vedtektene for Reservefondet. Denne saka vart avklart pr.
446 e-post 21.10.2018.

447 Rådet støtta F&E-styret sitt framlegg. F&E-styret kan plassera midlar i fond via
448 nettmeklar. Dette kan gje noko betre inntekter enn plassering i bank.

449 07.11.18: Godkjenning av sal av Kinsarvikmøblane. Ervingen Eigedom har via Mohn
450 Kunsthandel fått ein seriøs kjøpar til Kinsarvikmøblane. I og med at Rådet heldt desse
451 unna salet av Hordaheimen, bad Ervingen Eigedom om godkjenning av dette salet.
452 Rådsmedlemene gav godkjenning pr. e-post.

453 Rådet er informert om at det er kome framlegg om endringar av vedtekter og
454 styringsføresegner til neste årsmøte men har per dato ikkje sett desse.

455 9. Dugnad

456 Gjennom året 2018 har mykje bra dugnad skjedd både felles i laget og internt i særлага.
457 Gjennom samarbeid på tvers av generasjonar og særlag, har mellom anna 17. mai-kafeen
458 og stordanskvelden blitt suksessrike tilskipingar med gode opplevingar for eldre og
459 unge. Hyttenemnda har halde dugnadar både i vår og i haust, med vasking, maling og
460 rydding i området rundt hytta. Sjå punkt 11b for meir informasjon om hyttedugnadar i
461 2018.

462 Før jul hadde me ein omfattande ryddedugnad på bakrommet i 3. etasje i Gimle der alle
463 særлага såg gjennom tinga sine og fann ut kva dei ynskte å behalde. Dette er grunna
464 oppussinga av bakrommet som skal vera ferdig våren 2019.

465 Vidare må ein jobba med å styrka dugnadsånd, t.d. med tanke på medlemslotteriet.

466 10. Samarbeid med andre

467 Laget har eit godt samarbeid med ei rekkje andre organisasjonar. I meldingsåret har
468 laget til dømes samarbeidd med Columbi Egg om Folkemusikkfesten, med
469 Bygdedanslaget i Bjørgvin om dansekurs og med Mjeldalen Ungdomslag om ein
470 vinterleir på Hauge skule, Osterøy. Juniorspelemannslaget vert framleis drive i
471 samarbeid med Kulturskulen i Bergen.

472 Laget har samarbeidd med skular i Bergensområdet om undervisning i folkedans. Også i
473 2018 var laget med i Den kulturelle skulesekken. Om våren fekk elevar i 8.-10. klasse
474 vera med på danseverkstad med fokus på dansetradisjonar frå Hordaland. Prosjektet
475 hadde som mål å gje dei enkel opplæring i folkedans. Hausten 2018 fekk me nok ein
476 gong vera med i Den kulturelle skulesekken, og denne gongen var det 5.-7. klasse som
477 fekk besøk av danseverkstaden vår. I tillegg har Bergen ungdomslag Ervingen vore på
478 USF Verftet og Barnas Kulturhus for å halde kurs.

479 Prosjektet «Dragegjengen» ved Krohnengen skule held fram, og no i 2018 har 19 born
480 frå 5 til 10 år vore med i prosjektet.

481 Andre viktige samarbeidspartnarar er moderorganisasjonane våre Noregs Ungdomslag
482 og Noregs Mållag, Hordaland Ungdomslag, Hordaland Musikkråd, Norges Korforbund,
483 FolkOrg og Bergen kommune. Laget er medlem av Amatørkulturrådet i Bergen,
484 Bygdelagsnemndi og Vestlandske Teatersenter.

485 11. Eigedom

486 a) Lagshusa

487 Nær alle aktivitetar og øvingar i laget er i Gimle. Kvedargruppa nyttar ofte Snorrestova
488 til sine øvingar, når det ikkje er plass i Gimle. Lagsstyret, rådet og fonds- og
489 eigedomsstyret har også sine møte på kontoret, det har også nokre av særлага.

490 Størsteparten av Fensal er leigd ut til Bergen internasjonale kultursenter (BIKS) via
491 Bergen kommune. Idrettslaget Gular, Bjørgvin husflidslag og Det felles innvandrarrådet i
492 Hordaland held også til i huset. I Gimle held oppgraderinga fram. I løpet av 2018 vart
493 låsane skifta, og ein gjekk frå å nytta vanlege nøklar til å nytta nøkkelbrikke. På slutten
494 av året starta oppussinga av bakrommet og lagskontoret i 3. høgda. Styret nytta høvet til
495 ei opprydding i laget sine eigedelar. Det ein har vald å behalde, står mellombels i kassar i
496 4.etg.

497 b) Hytta

498 Som vanleg har hytta vore utleigd til lag og organisasjonar, blåturar og andre når laget
499 ikkje har nytta den. Det er Gro på kontoret som har oversikt over utleige og står for det
500 praktiske med kontraktar og ut/inn med nøklar.

501 Det har vore utført ein del dugnad i 2018:

502 11. april var det seks personar og 14. april var det fire personar som møtte til
503 vårrydding rundt hytta. Alltid plass til fleire.

504 I august var det seks dagar / kveldar med dugnad, samt ei helg (11. – 12. august) der det
505 var seks personar både laurdag og sundag som sette opp eit garderobeskap til dyner
506 m.m. Det vart òg lagt fliser på golv i kjellaren og malt trapper, tak i peisestova,
507 vindaugskarmar, vannbord og benkar.

508 Kveldar i august blei det bytta dører til toaletta og malt veggjar og dører i kjellaren.
509 Oppmøtet kunne vore betre, men dei som møtte stod på og fekk utført ein del. I
510 desember blei det bytta kjellardør, då den gamle var utsett for eit forsøk på innbrot, og
511 var moden for utskifting. Det er òg bestilt nye omnar både i salen og innsats i peisen i
512 peisestova. 2 varmepumper er òg tinga, ei til salen og ei til gangen. Dette blir montert i
513 januar 2019.

514 Det har vore Martin Nessen som har vore mest på hytta og flisa i kjellaren og bytta
515 kjellardør, han har og tinga omnar og vil setje dei inn når dei kjem.

516 12. Fonds- og eigedomsstyret

517 Styret har hatt 14 styremøte i 2018. Styreleiar i Ervingen Lagsbruk AS, Åslaug Trageton,
518 og styreleiar Øystein Erstad i Ervingen Eigedom AS og Hotell Hordaheimen AS, har møtt

519 på fleire av møta og gjeve oppdatering om den økonomiske utviklinga for selskapa. F&E-
520 styret har møtt på eitt møte i rådet og styreleiar for F&E møtte på samrådsmøte i
521 laget.

522 Ervingen Lagsbruk AS (EL) er eit holdingselskap, der laget er eineeigar, med fyljande
523 underselskap: Ervingen Kulturhus AS (EK), Ervingen Eigedom AS (EE) og som har
524 underselskapet Ole Bull Hotell AS (OBH).

525 Grunna den negative økonomiske utviklinga for Hotell Hordaheimen AS og Ervingen
526 Eigedom AS vart hotelleigedommen i C. Sundts gate og Hotell Hordaheimen AS den
527 12.mars selde til Midgardgruppen AS med overdraging i byrjinga av mai 2018. Ei trist
528 utvikling etter 100 år i ungdomslaget si eiga.

529 Etter krav frå Rådet, vart Kinsarvikmøblane haldne unna salet. Møblane vart kjøpte i
530 1984 frå Trondheim. Lars Kinsarvik laga desse møblane på oppdrag frå Hotell
531 Trønderheimen i 1913 til møblering av frukostsalen. Møblane er no selde til ein samlar,
532 som vil ta godt vare på dei.

533 Ervingen Lagsbruk AS hadde årsmøte for 2017 den 19.06.2018. Fonds- og
534 Eigedomsstyret møtte på årsmøtet.

535 Ervingen Kulturhus AS hadde årsmøte 19.06.2018. EE og OBH hadde årsmøte i Gimle
536 31.mai. For Hordaheimen Hotell AS vart det halde årsmøte for 2016 den 31.01.2018 då
537 det ikkje let seg gjere å få gjennomført ordinært årsmøte i 2018 på grunn av vanskar
538 med avslutninga av rekneskapa for 2016 i 2017. Årsmøtet for 2017 vart halde
539 03.05.2018 i Snorrestova. Etter krav frå DNB måtte laget i 2017 setje inn ekstra
540 ansvarleg lånekapital på kr. 2 millionar i Ervingen Eigedom AS. Lånet som var sikra med
541 pant i hotelleigedommen i C Sundts gate er attendebetalt til laget frå Ervingen Eigedom
542 hausten 2018. Det vart og halde ekstraordinært årsmøte i Ervingen Lagsbruk den
543 05.11.2018 for nedsetjing av aksjekapitalen. På dette møtet vart aksjekapitalen i
544 selskapet sett ned frå kr 104 375 000 til kr 40 000 000. Kapitalnedsetjing skal
545 gjennomførast ved reduksjon i pålydande til aksjen. Ny pålydande vert kr 400 000.

546 Det er ingen av selskapa som har betalt utbytte til Lagsbruk for 2017, men det er betalt
547 attende kortsiktige lån til EL frå HH og vidareført til reservefondet kr 525.000. Det er i
548 tillegg overført manglande overføring frå 2015 på kr 260.00 (manglande betalt rente for
549 2014). Til laget vart det i desember 2018 overført i høve budsjett kr 450.000.

550 Fonds- og eigedomsstyret har brukt mykje tid på å halda seg oppdatert på den
551 økonomiske utviklinga i selskapa.

552 14. Medlemstal, økonomi og ressursar

553 **31.12.2017:**

554 Barn (under 14 år) 32

555 Ungdom (14-26 år) 40

556 Vaksne (over 26 år) 191

557 Til saman 263

558

559 **31.12.2018:**

560 Barn (under 14 år): 40

561 Ungdom (14-26 år): 34

562 Vaksne (over 26 år): 197

563 Til saman: 271

564

565 Det totale medlemstalet har auka med om lag 3 %, noko som er mindre enn auken frå
566 2016 til 2017, men det er gledeleg at den positive utviklinga held fram. Det er òg verdt å
567 merka seg at talet på barnemedlemmar har auka med 25 %!

568 15. Kontor og tilsette

569 I 2018 har Gro Vetås vore tilsett som dagleg leiar i 100% stilling. Kristoffer Kleiveland
570 har vore tilsett som rekrutteringsmedarbeidar i 20 % stilling heile året. Arbeidstilhøvet
571 vart avslutta 31.12.2018, då rekrutteringsprosjektet var ferdig.

572 Rekneskapsbyrået Primo Services AS har ført rekneskapen for laget.

573 På kontoret i Fensal har Hordaland Mållag leigd ein kontorplass. Den siste
574 kontorplassen har vore leigd ut til Osafestivalen tre dagar i veka. Leigeavtalen med
575 Osafestivalen blei avslutta i oktober, då festivalen skifta dagleg leiar. Lagsstyret ynskjer
576 å få inn ein ny leigetakar. Bergen Mållag nyttar framleis Snorrestova som møtelokale og
577 har lagerplass på kontoret. NKI Renhold har stått for reinhald av kontor- og møtelokalet
578 i Fensal.

579 16. Heiderslagsfolk

580 Dagrunn Berntsen

581 Aslaug Kvilekval Breivik

582 Norvald Erstad

583 Kåre Herdlevær (Gjekk bort 18.mai 2018)

584 Kårmund Myklebost

585 Olav Ånneland (Gjekk bort 27. august 2018)

586 17. Gåver, helsingar og minne

587 Gåve til instruktørar og spelmenn, jubileumshefte/ blomehelsingar/ gåve til medlemar,
588 heiderslagsmedlemar, tillitsvalde og tilsette ved passande høve. To

589 heiderslagsmedlemar gjekk bort i 2018, og laget var representert i gravferdene med
590 minnekrans.

591 18. Oversikt over tillitsvalde

Lagsstyret

Leiar	Borghild Marie Opdahl
Medlem	Ida Marie Rognsvåg
Medlem	Kjersti Johanne Nybø
Medlem	Marit Kvamen
Medlem	Gunn Inger Sture
Varamedlem	Irene Bjørke
Varamedlem	Eirin Tjøflot
Varamedlem	Marianne Pedersen

592

Rådet

Leiar	Eldbjørg Gunnarson
Medlem	Sverre Sundvor
Medlem	Eli Randmo
Medlem	Stig Indrebø
Medlem	Ingunn Skjelvan
Varamedlem	Hans Nyeggen
Varamedlem	Annbjørg Fadnes Kyrkjebø

593

Fond- og eigedomsstyret

Leiar	Torgrim Ljones
Medlem	Arnvid Underlid
Medlem	Oddrun Samdal
Medlem	Vegard Opheim

Medlem	Frode Myhra
--------	-------------

594

Folkedanslaget

Leiar	Marit Kvamen
-------	--------------

Medlem	Stig Indrebø
--------	--------------

Medlem	
--------	--

Medlem	Renathe Nilsen
--------	----------------

Medlem	Lina Hamre
--------	------------

595

Ungdomsgruppa

Medlem	Martin Vintertun Grasdahl (t.o.m. sommaren) Emma A. L. Miro (etter sommaren)
--------	---

Medlem	Sondre Seim Brattland (t.o.m. sommaren) Borghild Opdahl (etter sommaren)
--------	---

Medlem	Martha Langholmen
--------	-------------------

596

Barnelaget

Medlem	Nancy Helle (ikkje vald av årsmøtet) Trekte seg i september
--------	---

Medlem	Beate Aven – Trekte seg i september
--------	-------------------------------------

Medlem	Ida Marie Rognsvåg
--------	--------------------

597

Kor e Tonen

Medlem	Knut Arne Vedaa
--------	-----------------

Medlem	Marianne Samdal
--------	-----------------

Medlem	Malin Heggedal
--------	----------------

Vara	Marthe Hatlen Grønsveen
------	-------------------------

Vara	Vilde Ørsje Utby
------	------------------

598

Juniorspelemannslaget

Leiar	Sissel Ingunn Nordstad
Medlem	Marianne Rønnestad
Medlem	Hilde Midtbø

599

Audhilds

Leiar	Eirin Tjoflot
Medlem	Ida Marie Rognsvåg
Medlem	Haldis Marie Samland

Hyttenemnda

Medlem	Knut Malkenes
Medlem	Martin Nessen
Medlem	Hans Nyeggen

600

Ettersyn

	Halvor Røyset
	Steinulf Tungesvik
Vara	Torbjørn Haukås

601

Valnemnda

Leiar	Brynjulf Langballe
Medlem	Vegard Opheim
Medlem	Rigmor Nesheim Vaular
Medlem	Magnhild Mjør

602

603

19. Lagsmøte, festar og eigne tilskipingar

Dato	Tilskiping	Omtale	Ansvarleg
08. januar	Juletreff		Barnelaget
27. januar	Dans - og spelmaraton		Folkedanslaget
09.-11. februar	Hyttetur		Juniorspelemannslaget
12. februar	Karneval		Barnelaget
20. februar	Årsmøte		Styret
3. mars	Dansekurs	Kortkurs i vals og two-step	Folkedanslaget
9.-10. mars	Øvingshelg		Kor e' tonen
14. mars	Samrådsmøte		Styret
10.-11. mars	Hyttetur	Hyttetur for born. Kurs i dans, felespel og kveding	Barnelaget
14. mars	Samrådsmøte		Styret
19. mars	Bokkveld	Live Havro Bjørnstad las for dei yngste, medan Ragnar Hovland las for dei vaksne.	Styret
11. april	Hyttedugnad		Hyttenevnda
15. april	Familiefolkedanskveld		Barnelaget og Juniorspelemannslaget
18. april	Hyttedugnad		Hyttenevnda
21. april	Dansekveld		Folkedanslaget

28. april	Framsyning på dansens dag	Dans på jernbanestasjonen og biblioteket	Folkedanslaget og ungdomsringen
5.-6. mai	Øvingshelg		Kor e' tonen
6. mai	Konsert		Kor e' tonen
7. mai	Rebusløp og korgfest		Kor e' tonen
16. mai	17. mai-øving		Folkedanslaget
17. mai	Kafé		Styret
17. mai	Framsyning på Torgallmenningen		Folkedanslaget og ungdomsringen
2.-3. juni	Hyttetur		Folkedanslaget
10. juni	Sommarkonsert og pizzafest i Gimle..	Konsert, med pizzafest etterpå	Juniorspelemannslaget
10. juni	Konsert		Kor e' tonen
11. juni	Avslutning på Fløyen		Barnelaget
11. juni	Konsert		Juniorspelemannslaget
27.juni – 01. juli	Landskappleik	Trysil	Juniorspelemannslaget og Audhilds
02. juli – 07. juli	Sommarleir	Skarnes	Ungdomsringen
11.-12. august	Hyttedugnad		Hyttenemnda
01.-02. september	Dansekurs for nybyrjarar		Folkedanslaget
07.-09. september	Hyttetur med kurs	Inga Myhr og Kristoffer Kleiveland heldt kurs	Ungdomsringen
22.-23. september	Øvingshelg		Kor e' tonen

22.-23. september	Hyttetur	Kurs i dans, felespel og kveding	Barnelaget
29. september	Stordanskveld	Schøtstuene	Torbjørn Bergwitz Lauen, Gunn Inger Sture og Annbjørg Fadnes Kyrkjebø
02. oktober	Samrådsmøte		Styret
02. oktober	Dextra-møte		Juniorspelemannslaget , barnelaget
20.-21. oktober	Dansekurs	Helgekurs i polsdans frå Finnskogen.	Folkedanslaget
21. oktober	Familiefolkedans og barnebokkveld	Framsyning med barnelaget, konsert med Dragegjengen og Juniorspelemannslaget .	Barnelaget
22. oktober	Korkafé		Kor e' tonen
25. oktober	Instruktørsamling	Folkedans	Inga Myhr, ungdomsringen
16.-17. november	Øvingshelg		Kor e' tonen
17. november	Kvedarkurs	Kortkurs i kveding	Styret, kvedargruppa
17. november	Vinjekveld	I samband med 200- årsjubileum for Aasmund Olavsson Vinje	Styret
23.-25. november	Hyttetur med kurs	Kurs i rull med Rigmor N. Vaular.	Ungdomsringen og Juniorspelemannslaget
30. november	Konsert	Julekonsert	Dragegjengen

9. desember	Konsert	Julekonsert	Kor e' tonen
10. desember	Julelagsmøte		Styret, Selsvikklubben

604

605 **20. Utsendingar, representasjon og samarbeid**

606 **Kven Veit?**

607 I 2018 var Bergen ungdomslag Ervingen med i spørjetevlinga Kven Veit?, med 2 lag.

608 Begge laga gjorde det relativt godt på landsbasis.

Dato	Tilskipping	Omtale	Kven
12.-14.jan	Instruktørkurs i turdans.	Tor Stallvik var instruktør, arrangert av SAFFA i Oslo	Borghild Opdahl
15. februar	Kven veit, runde 1	To lag deltok frå Bergen ul. Ervingen	Styret
16.-18. februar	Vinterleir	Hauge skule, Osterøy	Ungdomsringen og Mjeldalen UL
3. mars	Folkemusikkfest		Folkedanslaget og Columbi Egg
15. mars	Kven veit, runde 2	To lag deltok frå Bergen ul. Ervingen	Styret
17. mars	Hordamønstring	Osterøy. Mange deltakarar frå laget på sjokoladekappleiken	Barnelaget, Dragegjengen, Juniorspelemannslaget og Audhilds
18.mars	Årsmøte Hordaland Mållag	Stord	Rigmor N. Vaular, Stig Vaular og Borghild Opdahl
18.mars	Årsmøte Hordaland ungdomslag	Åsane	Torgrim Ljones
5. april	Kven veit, runde 3	To lag deltok frå Bergen ul. Ervingen	Styret
7.-8. april	Dansekurs	Helgekurs i rundom	Folkedanslaget
19.april	Årsmøte Amatørkulturrådet i Bergen		Borghild Opdahl
22 .april	Kulturminnefestival	Familiefestival	Barnelaget
27.-29.april	Landsmøte Noregs Ungdomslag	Oslo	Kjersti Nybø og Borghild Opdahl

28. mai	De unges festspill	Peer Gynt-salen, Griegghallen	Juniorspelmanslaget
09. juni	Syng for oss	Kor-konkurransse i Griegghallen	Koret
18. juni	Møte om GDPR i regi av KulturVest		Borghild Opdahl og Gro Vetås
27.juni- 01.juli	Landskappleiken	Trysil	Audhilds, Juniorspelemanslaget og einskilde medlemar
07.-12.juli	Mokurset	Mo Jordbruksskule, Sogn og Fjordane. To deltakarar frå laget	Juniorspelemanslaget
07.-12.juli	Strunkeveko	Sommarkurs i Valdres. Ein deltakar frå laget	Juniorspelemanslaget
18. august	Folkedanskurs for born	Barnas kulturhus	Barnelaget
28.august	Møte med kulturavdelinga i Bergen kommune om stønadordningar		Borghild Opdahl og Gro Vetås
31.aug – 02. september	Seminar for leiarar i Noregs Mållag og samling for unge vaksne i Noregs Mållag		Borghild Opdahl
14. september	Kulturnatt		Folkedanslaget
15. september	Folkedanskurs for born	Barnas kulturhus	Barnelaget
21. september	Kulturkveld på Fantoft.	Audhilds spelte nokre slåttar	Audhilds
22.sept	150-årsjubileum Vestmannalaget	Hotel Terminus	Borghild Opdahl

29.sept	Frivillighetsfestival Flesland i regi av Ung Vest		Barnelaget
03. oktober	SmalPrat	Paneldebatt om folkemusikk og nyskaping. Konsert.	NyMusikk Bergen og styret
5.-8. oktober	Tur til Gdansk i Polen.	Her hadde vi ein liten konsert i Elżbieta-kyrkja.	Kor e' tonen
21. oktober	Folkedanskurs for born	USF Verftet, Familiesundag	Barnelaget
26.-28. oktober	Vestlandskappleik	Voss	Audhilds, Juniorspelemannslaget, sologrupper
26.-28. oktober	UngOsa	To deltakarar frå ungdomsringen	Ungdomsringen
02- 04.november	Juniorsamling	Spelkurs for born og unge. Haus, Osterøy	Juniorspelemannslaget
17. november	Nattevandring	Markering av SN sine 17 berekraftsmål. Fakkeltog og konsert	Ungdomsringen og Juniorspelemannslaget
18. november	Folkedanskurs for born	USF Verftet, Familiesundag	Barnelaget
8. desember	Syngejobb på Lagunen.	Julekonsert på kjøpesenteret Lagunen	Kor e' tonen